



FORBRIGDS TIVAR

*Pen vallak med
stor kapasitet*

Prisvurdering:
35 000 kroner

*Raud nordlandshest/ lyngshest
Vallak, fødd 2012*

Far: Icora Giron Mor: Forbrigds Tirana

Omtale og potensiale

Forbrigds Tivar er ein rasetypisk vallak med harmonisk kropp. Pent hovud, god hals og manke. Godt kryss. Gode bein og høver. Ledige og vegvinnande rørsler. Tivar er ein 6 år gammal vallak med svært god stamme. Icora Giron er far og med Santella 1.pr + 1.pr i morstamma.

Forbrigds Tivar er ein strek bygd vallak med stor kapasitet for rett eigar. Innkøyring er starta med høge og låge drag, men hesten er framleis tidleg i utdanningsløpet.

Kjøpar vil få nødvendig rettleiing på kva trening unghesten bør ha framover.

Du finn stamtavle og utstillingsresutat for hesten på www.nhest.no.

Reg.nr.: 578002020123565

Eier: Barbro Forbrigd, KVAM

Telefon: 905 77 779

Oppdrettar: Barbro Forbrigd, KVAM



Utdanning

Hesten har delteke på eit pilotprosjekt for utvikling av unghestutdanning. Prosjektet vert gjennomført ved Norsk Fjordhestsenter hausten 2017 og vinteren 2018, og er eit samarbeid mellom senteret og raselaga for dei nasjonale hesterasane. Målet er å få fram salsklare unghestar.

Utdanningsperioden vert tilpassa kvar hest og alder, men følgjer eit kvalitetssikra utdanningsprogram som sikrar at ein får vurderte eigenskapane og evnene til hesten. Det vert sett individuelle mål for kvar hest. Desse varierer mellom ane med lynne og alder. Alle hestane skal innom følgjande utdanningsområde: Handtering, unghestløype, miljøtrening, trafikk, sosiale ferdigheiter, hovstell/ veterinær el.l., bittrening, leietrening, mønstringstrening, lasting på og av hengar, line og lause drag, køyring og riding (*køyring og riding berre dersom hesten er klar for det*).

Alle hestane har hatt veterinærsekk og hovstell i løpet av treningsperioden. Treningsdagbok vert gjort tilgjengeleg for interesserte under visningsdagen eller ved førespurnad.

Visning

Forbrigds Tivar vert presentert under visningsdag på Norsk Fjordhestsenter søndag 18.3. kl. 12.00. Dersom nokon ønskjer å kjøpe hesten kan de ta kontakt med eigar eller Norsk Fjordhestsenter (Magni Hjertenes Flyum: 934 22 756). Alle bod som kjem inn før visingsdagen må stå til søndag 18.3.17 kl 15.00.